
Fra: Ambjørge Reinsnos <ambjorg@opus.no>
Sendt: 15. mai 2014 15:45
Til: Postmottak Radøy
Kopi: Kjersti Flatråker; helge@grindheim.no
Emne: Oversending av revidert planforslag for Snekkevika hyttefelt til 2. gongs handsaming
Vedlegg: Planskildring Snekkevika_14.05.14.pdf; Føresegner Snekkevika_2014.doc; p11065 Snekkevika plankart 14.05.2014.pdf; Merknadsoppsummering med kommentarar.doc; Illustrasjonsplan gangstiar snekkevika_15.05.14.pdf

Vi oversender med dette revidert planforslag for Snekkevika hyttefelt til 2. gongs handsaming i Radøy kommune.

Vedlagt ligg følgande:

Planskildring
Føresegner
Plankart
Illustrasjonsplan over gangstiar i planområdet
Oppsummering og kommentering av merknadene frå offentleg ettersyn

Følgande endringar er gjort i plankartet:

- omsynssonene for kulturminna er lagt inn
- vegtraséen er lagt om for å unngå konflikt med kulturminna
- hyttefelte er flytta og/eller fjerna for å unngå konflikt med kulturminna (forslagsstillar sin eigedom er redusert til 10 hyttetomter)
- planområdet er utvida til å inkludere tilkomstvegen til friområdet i nord
- omsynssone for høgspenlinje er lagt inn i kartet
- uteoppfallsareala er no lagt inn som friområde

Planskildringa og føresegnene er oppdaterte i tråd med endringane som er gjort i plankartet. Sjå også merknadsoppsummeringa for meir informasjon.

Utgåva av planforslaget som vart lagt ut til offentleg ettersyn er send Fiskeridirektoratet for uttale. Det er førebels ikkje motteke noko svar på denne, men vi vel likevel å sende inn planforslaget slik at kommunen kan byrje på sakshandsaminga. Vonar dette går greit!

Venleg helsing



AMBJØRG REINSNOS

Planlegger
Arkeolog

Dir 55 21 41 72
Tlf 55 21 41 50

